

Oppvekstplan - lokal del



Tokke

Vedteken i kommunestyret:

Grunnmuren – vårt mål

- ❑ Barn og unge skal trivast og ha det trygt i Tokke.
- ❑ Laget rundt barnet skal sikre god læring og utvikling for alle.



Nasjonale føringar

Stortingsmeldingar, lovendringar og andre nasjonale utgreiingar bygger opp under behovet for ein heilskapleg oppvekstplan. Måla med barnevernsreformen er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats, førebygging og samhandling. Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og behova til den einskilde familie.

Oppvekstplanen

Tokke kommune sin oppvekstplan er ein strategi for korleis vi skal skape gode oppvekstvilkår for alle i kommunen vår, og er ein plan for alle sektorar og verksemdar som arbeider med born og unge i kommunen. Gode oppvekstvilkår blir skapt i samarbeid mellom kjernetenetene, frivillige lag og foreiningar, innbyggjarar og – ikkje minst - med dei det gjeld: born og unge i Tokke.

Situasjonsbilete i eigen kommune

Styrker

- Gode økonomiske rammer i kommunen.
- Eit trygt nærmiljø.
- Gode og varierte kultur- og fritidsaktivitetar.
- Høg bruk av ungdomsklubben og kulturskulen.
- Gode tal for gjennomføring av vidaregåande skule.
- Unge som har det bra; Ungdataundersøkinga viser at dei fleste svarar at dei har vener, er nøgd med foreldra, trivst på skulen og er aktive på fritida.

Utfordringar

- Rusbruk blant unge. Tal på unge som rapporterer at føresette synast det er greitt at dei drikk alkohol er aukande.
- Unge som sit på med ruspåverka sjåfør
- Aukande bruk av smertestillende hjå unge.
- Unge som har det vanskeleg; Ungdataundersøkinga gjev også innblikk i utanforskap, einsemd, mobbing og psykiske plager hjå unge.



Tenestene

I Tokke er gode oppvekstvilkår eit samfunnsoppdrag der alle bidreg. Kjernetenestene i oppvekst er barnehage, skule, helsestasjon- og skulehelsetenesta og kulturskule. Dette er tenester som alle er nær barn og deira familiar gjennom oppveksten. Desse skal jobbe førebyggjande, og vera organisert slik at samanhengen mellom dei kjem tydeleg fram. Tilsette i tenestene som arbeider nær barn og deira familiar blir i planen kalla *Laget rundt barnet*.

Kommunale og interkommunale tenester

- Barnehagane Åmdals Verk, Byrte, Dalen og Høydalsmo
- Skulane Høydalsmo og Tokke
- Tokke helsestasjon
- Tokke kulturskule
- Barneverntenesta i Vest-Telemark
- PPT(pedagogisk psykologisk teneste)
- Fysioterapi og ergoterapitenesta
- Tokke legekantor
- Psykisk helse og rus
- Rask psykisk helsehjelp
- Interkommunal psykologteneste
- Heimetenesta
- NAV Vest-Telemark
- Flyktningetenesta
- SLT (samordning av lokale rus-og kriminalitetsførebyggjande tiltak)
- Ungdomsklubben

Tenester som ikkje er kommunale, men som likevel er ein del av oppvekst

- Politiet
- Tannklinikken Vinje
- BUP Notodden
- Krisesenteret i Telemark
- Familievernkontoret i ØvreTelemark
- Habiliteringstenesten i Telemark
- Friviljuge lag og organisasjonar
- Statped
- Frivilligsentralen
- Vest-Telemark vidaregåande skule

Innsikt om tenestene

I prosessen med oppvekstplan har barn, unge, føresette og tilsette kome med innspel. Desse, saman med nasjonale føringar gir grunnlaget for arbeidet med oppvekstplan.

Dette fortel born og unge

- Dei er nøgde med nærmiljøet.
- Dei opplever i stor grad god opplæring og støtte frå lærar.
- Dei meiner det er positivt med miljøterapeut inn i skulen.
- Dei meiner vaksne bør gripe inn tidlegare, både ved faglege og sosiale utfordringar.
- Dei ynskjer meir treffetid med helsesjukepleiar i skulen.
- Dei ynskjer fleire uformelle møteplassar for eldre ungdom i Tokke.

Dette fortel føresette

- Dei gir gode tilbakemeldingar kring barselgrupper og foreldrerettleinga COS-P.
- Dei opplever i stor grad gode tilbod i skule og barnehage.
- Dei er opptekne av å involvere seg i barnas liv og at alle skal med.
- Dei ynskjer meir medverknad og foreldreinnvolvering.
- Dei ynskjer fokus på integrering og inkludering for å bygge gode venskap og relasjonar mellom born.

Dette fortel tilsette i helse og oppvekst

- Dei opplever mykje god samhandling på tvers av tenester.
- Dei opplever å ha god kvalitet på tenestene.
- Dei har god kompetanse (både fagleg og relasjonell) i møte med barn og unge.
- Dei vil fokusere på kompetanseutvikling for å styrke laget rundt barnet.
- Dei vil sikre god samhandling kommunikasjon med føresette.



God praksis innafor eigen kommune

- Vi har høg vaksentettleik i barnehage og skule.
- Vi har lett tilgjengelege helsetenester.
- Vi har tilsette med gode føresetnader for å sjå det enkelte barn.
- Vi har gode tilvenningsrutinar ved oppstart i barnehage.
- Vi har eigen plan som sikrar gode overgangar i heile opplæringsløpet.
- Vi set inn tiltak før vedtak.
- Vi har dysleksivennleg skule og har fokus på dysleksivennlege metodar i opplæringa.
- Vi har gode rutinar og prosedyrar i arbeidet med trygt og godt barnehage og skulemiljø.
- Vi har gode rutinar og prosedyrar i arbeid med *Laget rundt barnet*.
- Vi har stort fokus på bruk av nærmiljø og fysisk aktivitet.
 - - Liv og røre i barnehage
 - - Uteskule i barnetrinnet

Målsettingar i oppvekst

- Vi skal oppretthalde og vidareutvikle aktivitetar og møteplassar for unge.
- Vi skal la barn og unge medverke i planlegging og utvikling av aktivitetar og møteplassar.
- Vi skal ha eit godt samarbeid med føresette i høve barnets utvikling.
- Vi skal sikre samarbeidet med føresette gjennom *Foreldretrappa*.
- Vi skal gjennom deltaking i »Kompetanseløftet» jobbe for barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling.

Slik jobbar vi i Tokke kommune

Overordna

- I Tokke har vi møtearenaer, rutinar og system for samarbeid og samhandling på tvers av tenestene.
- I Tokke har vi fokus på førebygging og rutinar for tidleg oppdaging av risiko for utsette barn og unge.
- I Tokke har vi fokus på haldningsskapande arbeid for å sikre ein god oppvekst.

Laget rundt barnet

- Tenestene arbeider tverrfagleg på eit førebyggjande plan og vektlegg tidleg innsats.
- Tenestene har god kompetanse, og har arenaer for samarbeid og samhandling med andre tenester.
- Tenestene nyttar BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats) som verktøy for samhandling.

Tilsette

- *Laget rundt barnet* skal ha kompetanse på kva som gir born og unge god helse og livsmeistring.
- *Laget rundt barnet* treng meir kompetanse om kultur, språk, risikofaktorar, mangfald, medverknad, førebygging og helsefremjande tiltak.
- Leiing skal saman med dei tilsette jamnleg kartlegge behov for kompetanseutvikling.

Slit med
formuleringa
av punktet

Vi lærer av
kvarandre

Vi lærer
saman

Vi er
oppdaterte
og
kompetente

Helse og meistring

Avdeling helse skal fremje god helse og livskvalitet for alle innbyggjarane i kommunen gjennom heilskaplege og tilgjengelege tenester.



Vi vil

- sikre gode tenester som varetek barn og unge sine fysiske, psykiske og sosiale behov.
- arbeide systematisk og kunnskapsbasert for å gi barn og unge kompetanse på varetaking av eiga helse.
- bidra til å styrke føresette i foreldrerolla.

Vi skal

- gi råd og rettleiing for å fremme helse og førebygge sjukdom hjå born og unge.
- bidra til å ha eit godt tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, både internt og eksternt.
- halde tenestene oppdatert etter innbyggjarane sine behov.
- gi tilbod som utjamnar sosiale forskjellar for familiar, barn og unge.
- førebygge og arbeide for å avdekke rus, vald og overgrep hjå barn og unge.
- legge til rette miljø, slik at alle barn og unge kan vere deltakande.

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



Barnehage

Barnehage er ein arena for omsorg, lek, læring og danning. Barnehagen som pedagogisk verksemd skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og vere ein trygg stad for fellesskap og venskap.



Vi vil

- jobbe med barnehagebasert kompetanseutvikling.
- følge utviklingsmål satt i planverk for *barnehage og skular* i planperioden.

Vi skal

- ha gode rutinar for god tilknytning ved oppstart i barnehage.
- sikre at alle tilsette jobbar i tråd med Cos-P (Tryggheitssirkelen)
- ha felles forståing og kunnskap om kva eit godt leike- og læringsmiljø er.
- samarbeide godt med føresette og laget rundt barnet.



Skule

Skulen er ein arena for omsorg, leik, læring og danning. Her skal elevane skal oppleve trivsel og meistring, og utvikle seg best mogleg ut ifrå sitt potensiale.



Vi vil

- drive systematisk utviklingsarbeid på skulane.
- følge utviklingsmål satt i planverk for barnehage og skular i planperioden.
- at barn og føresette møter profesjonelle, kompetente vaksne som er gode rollemodellar som vågar å setje grenser, motiverer, kan rettleie og stille krav.

Vi skal

- ha god klasseleiing som sikrar inkludering og tilpassa opplæring innafor fellesskapet.
- arbeide systematisk og kunnskapsbasert for å sikre eit trygt og godt skulemiljø.
- sikre føresettes deltaking i skulane sitt samarbeidsutval.



Kultur og fritid

Kultur og fritidsaktivitetar gir fellesopplevingar som styrkar samhold og det å høyre til.

Barnekonvensjonen seier at alle har rett til leik og fritid



Vi vil

- ha gode nærmiljø.
- styrke eksisterande møteplassar og arbeide for å etablere nye.
- at alle skal ha moglegheit til minst ein fritidsaktivitet.

Vi skal

- synleggjere informasjon om støtteordningar og kontakt med lag og foreiningar.
- tilby varierte kulturopplevingar for born og unge.
- ha eit innhaldsrikt og levande kulturliv i kulturhus, kulturskule og bibliotek
- ha eit kultur- og fritidstilbod som er variert og lett tilgjengeleg, der alle kjenner seg trygge og ivaretatt.
- la barn og unge medverke i planlegging av kultur- og fritidsaktivitetar.



Strategiar for å nå våre mål

1. Sikre god medverknad
2. Styrke tidleg innsats og laget rundt barnet
3. Fremme god fysisk og psykisk helse
4. Sikre eit inkluderande, trygt og godt oppvekstmiljø

Det er tiltak til kvar strategi. Tiltaka er på overordna nivå, med hovudvekt på tverrfaglege satsingar. Tiltaka evaluerast årleg. Fleire tiltak for barn og unge er utdjupa i andre planer.



1. Sikre god medverknad

		Ansvar	Alder
1	Medverknad Barn, unge og føresette er likeverdige deltakarar i samhandling , blir lytta til og deltek i løysingar til det beste for den det gjeld.	Leiar i kvar einskild avdeling	0-18 år
2	Medverknad Barn og unge får medverke gjennom barnesamtaler, elevsamtaler, elevråd, elevundersøkinga og anna involvering.	Leiar i kvar einskild avdeling	0-18 år
3	Barns beste vurdering Kompetanseheving for tilsette om barn og unges rettar, og slik sikre at tilsette gjer barns beste vurderingar.	Leiar i kvar einskild avdeling	0-18 år
4	Barns representant i plansaker Særskilt ordning for i ivareta barn og unges interesser i plansaker	Kommunedirektør	0-18 år
5	Ungdomsråd Rådet skal sørge for at barn og ungdom får seie si meining i saker som omhandlar dei. Slik sikrar vi lokal ungdomsmedverknad. Min. 6 utvalsmøter i året	Kommunalsjef oppvekst Sekretær Ung.råd	13-19 år
6	Ungdataundersøkinga (Kvart tredje år) Forankring, tverrfagleg samarbeid og medverknad frå ungdommen blir ivaretatt gjennom arbeidsgruppa. I arbeidsgruppa sit ressurspersonar frå oppvekst, helse, SLT og ungdomsråd.	Kommunedirektør Kommunalsjef helse Kommunalsjef oppvekst Rektor	13-19 år
7	Elevundersøkinga Årleg undersøking der elevar får seie sin meining om forhold som er viktig for lære og trivast på skulen.	Oppvekstsjef Rektor	13-19 år

2.Styrke tidleg innsats og laget rundt barnet

		Ansvar	Alder
1	Kompetanseheving om risiko og beskyttelsesfaktorar Auke kunnskapen og kompetansen hjå alle tilsette som jobbar med barn, unge og føresette.	Leiar i kvar einskild avdeling.	0-18 år
2	Foreldresamarbeid og foreldrestøtte Tilsette skal samarbeide tett med føresette, og støtte, oppmuntre og rettleie foreldre i foreldrerolla.	Alle tilsette som er i kontakt med føresette.	0-18 år
3	Betre tverrfagleg innsats(BTI) Aktiv bruk av BTI-rettleiaren og århjulet for sikre felles kultur rundt samarbeidet. Alle tilsette skal ha god kompetanse om våre arenaer for samarbeid og samhandling.	Alle som jobbar med barn og føresette i målgruppa.	0-18 år
4	Halde fram med COS-P/foreldrerettleiing Helsestasjon skal tilby kurs i foreldrerettleiing ved behov, individuelt og i grupper.	Tilsette i helsestasjon	0-18 år
5	Halde fram med gode rutinar for god tilknytning ved oppstart i barnehagen Sikre at alle barnehagetilsette nyttar kunnskap om COS-P-sirkelen(Tryggleikssirkelen)	Alle tilsette som jobbar med barn.	1-2 år
6	Barne og ungdomsteam(BUT) Rask og tilgjengeleg hjelp på eit tidleg tidspunkt for alle(born, ungdom, foreldre) som måtte ha bekymringar/utfordringar i periodar av livet.	Fagleiar helsestasjon og skulehelsetenesta	0-16 år
7	SLT arbeid Samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet. Følgje opp kommunal handlingsplan for SLT.	Politiråd SLT-koordinator	0-18 år
8	Foreldretrappa Samarbeid og utvikling på vegen gjennom barnas oppvekst	Kommunalsjef oppvekst Kommunalsjef helse	0-18 år

3.Fremme god fysisk og psykisk helse

		Ansvar	Alder
1	Dagleg fysisk aktivitet i barnehage og skular skal ha stort fokus Legge til rette for gode arenaer rundt barnehage og skule som fremjar leik og fysisk aktivitet. Vidareføre Liv og røre Barnehagane , tannhelse, helsestasjon og fysioterapi har eit forpliktande samarbeid som fremjar sunt kosthald, matglede, fysisk aktivitet og bevegelsesglede i Tokkebarnehagen. Uteskule 1- 7 trinn. Fortsette å bruke nærmiljø og lokalsamfunn som ressurs i opplæringa gjennom uteskulen.	Alle tilsette i barnehage og skule Tverrfageleg samarbeidsgruppe Liv og røre og ressurspersonar Alle tilsette i skule	0-16 år 0-6 år 6-13 år
2	Nærmiljøanlegg og idrettsanlegg i kommunen Ta vare på og vidareutvikle areal som er lagt til rette for leik og fysisk aktivitet for barn og unge i deira nærmiljø.	Kultur og samfunn Frivilligheten Barnehage og skule	0-18 år
3	Psykisk helsehjelp for barn og unge Sikre tidleg og koordinert hjelp ved psykiske helseplager	Fagleiar psykisk helse	0-18 år
4	Helsestasjon inkludert jordmortenesta Helsetilbod for barn og føresette, frå fødsel til skulestart.	Fagleiar helsestasjon	0-5 år
5	Handlingsplan mot vold i nære relasjonar følges opp. Sikre at våre tilsette har god kjennskap til planen og tiltak	Tilsette i alle avdelingar.	0-18 år
6	Skulehelsetenesten Oppretthalde tilstrekkeleg tilbod om skulehelseteneste til alle elevar	Fagleiar helsestasjon	6 -20 år
7	HFU- Helsestasjon for ungdom Drop-in eller timebestilling for ungdom mellom 13-23 år	Helsestasjontenester	13-24 år


4.Sikre eit inkluderande, trygt og godt oppvekstmiljø

		Ansvar	Alder
1	Alle barn skal ha eit trygt og godt leike - og læringsmiljø Følge opp kommunale planar for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø	Alle vaksne Rektor og styrar Alle tilsette ute på einingane	0-18 år
2	Gode overgangar Følge opp kommunal plan for å sikre gode overgangar i heile opplæringsløpet	Rektor og styrarar Alle tilsette ute på einingane	0-18 år
3	Tilby varierte kultur og fritidstilbod for barn og unge Meiningsfull fritid er avgjerande for å skape tilhøyre og fellesskap blant barn og unge.	Alle tenesteområder Kultur og samfunn Lag og foreiningar Frivilligheten	6-18 år
4	Trafikksikker kommune Følge opp kommunal trafikksikringsplan Følge opp plan for trafikksikker barnehage og skule	Kommunalsjef teknisk Alle tilsette ute på einingane	Alle innbyggjarar 0-16 år
5	Ivareta og vidareutvikle møteplassar Gje rom for nye møteplassar der innbyggjarar, lag og foreiningar kan møtast.(i kommunale bygg, på friluftsanlegg og i det offentlege rom)	Alle tenesteområde Kultur og samfunn Lag og foreiningar	0-18 år
6	Sykelstrategi og handlingsplan for Sykelbygda Dalen Satsing på sykkel er viktig i arbeidet for eit meir berekraftig samfunn og betre folkehelse.	Kommunalsjef Plan, næring og kultur	Alle innbyggjarar

Foreldretrappa – laget rundt barnet

I Tokke kommune ynskjer ein meir og betre dialog mellom dei ulike tenestene og føresette.

Føresette ynskjer meir medverknad og foreldreinnvolvering. Gjennom foreldretrappa ynskjer vi å legge til rette for foreldresamarbeid og god dialog med føresette.



Samarbeid på vegen gjennom barnas oppvekst

Foreldretrappa legg opp til faste møtepunkt der føresette får informasjon frå ulike instansar og høve til å stille spørsmål om tema som opptek dei.

